



Niklas Krake  
Fyllingsnesvegen 348  
5913 EIKANGERVÅG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 15/550 - 15/9077

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
29.04.2015

## Utsleppsløyve - bustad gbnr 214/38 Fyllingsnes

**Administrativt vedtak. Saknr: 150/15**

**Tiltakshavar:** Siv Tverberg og Niklas Krake  
**Ansvarleg søker:** En til En Arkitekter AS  
**Type utslepp :** Sanitært avløpsvatn med utslepp mindre enn 50 pe  
**Søknadstype:** Forureiningslova § 11, jf. forureiningsforskrifta § 12-5

### SAKSUTGREIING:

#### Tiltak

Saka gjeld søknad om utsleppsløyve i samband med søknad om oppføring av ny bustad på gbnr 241/38. Utsleppet frå eigedomen skal reinsast i slamavskiljar før det reinsa avlaupet vert ført til eksisterande avlaupsleidning som går til sjø. Storleiken til utsleppet er opplyst til 5 pe. Det vert elles vist til søknad mottatt 16.02.2015.

#### Planstatus

Eigdomen ligg i uregulert område som i kommuneplanen er avsett til byggeområde for fritidsbustadar. Det er gitt dispensasjon frå plankravet og arealføremålet for riving av eksisterande bygg og oppføring av bustad i vedtak i plan- og miljøutvalet 30.01.2013.

#### Plassering

Plassering og utsleppsstad er vist i situasjonsplan frå Hjelmås VVS AS datert 10.02.2015, jf. forureiningsforskrifta § 12-14 nr 1 d.

#### Reinseløysing



Avlaupet frå eigedomen skal reinsast i slamavskiljar før det reinsa avlaupet vert ført til eksisterande avlaupsleidning på eigedomen gbnr 214/77 som går vidare derfrå i borehol til privat felles avlaupsleidning i sjø. Denne er ført ut av Litlevågen på 20 m djupne.

Søknaden om utsleppsløyve gjeld heilårsbustad med utleigehusvære. Anlegget må dimensjonerast for 2 bueiningar.

Det er ikkje opplyst kor mange som er knytt til fellesleidningen i dag. Kommunen føreset at den etablerte avlaupsleidningen har tilstrekkeleg kapasitet og tilfredsstillande kvalitet og at det samla utsleppet kjem inn under bestemmelsane i forureiningsforskrifta kap. 12. Det må dokumenterast kor mange og kva eigedomar som er knytt til leidningen før det vert gitt igangsetjingsløyve.

### **Nabovarsel**

Administrasjonen føreset at utsleppet er varsla som del av byggjesaka.

### **Drift og vedlikehald**

Eigedomane skal inngå i den kommunale slamtømmeordninga. Administrasjonen vurderer at slamtømming er mogleg innanfor vilkåra i den kommunale slamtømmeordninga. Dette må dokumenterast ved erklæring frå føretaket Johny Birkeland Transport som utfører slamtømming, seinast ved søknad om igangsetjing av tiltaket.

Slamavskiljarar tilknytt bustadar skal tømmast ikkje sjeldnare enn kvart 4. år, jf. forureiningsforskrifta § 12-13.

### **Privatrettslege tilhøve**

Tiltaket skal plasserast delvis på eigedomen gbnr 214/77. Det ligg føre tinglyst avtale om plassering/legging av anlegg/leidningar på gbnr 214/77.

Avlaupet skal førast inn på eksisterande felles privat avlaupsleidning som er ført ut av Litlevågen. Det må dokumenterast rett til å kopl seg til fellesleidningen før det vert gitt igangsetjingsløyve.

### **Naturmangfaldlova**

Kommunen har vurdert prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no) og [www.artsdatabanken.no](http://www.artsdatabanken.no) og nytta rettleiing frå Fylkesmannen i Hordaland. Området inst i Litlevågen er eit statleg sikra friluftsområde som er merka badeområde.

### **VURDERING**

Kommunen er kjend med at det er knytt utfordringar til avlaupssituasjonen generelt i området. Det er ikkje utbygd kommunal kloakk i området. Avlaup frå eigedomane vert ført til private enkelt- eller fellesanlegg av ulik alder og tilstand. Etablering av nye utslepp i området bør ideelt sett skje gjennom felles planlegging for heile området og ikkje gjennom enkeltsaker.

Utsleppspunktet for fellesleidningen som avlaupet frå eigedomen skal førast til, er ført nokre hundre meter lenger sør og ut av Litlevågen, til 20 m djupne. Kommunen vurderer at omsøkte avlaupsløysing ikkje kjem i konflikt med friluftssinteressene i området.

Administrasjonen finn, etter ei samla vurdering, å kunne gje utsleppsløyve på vilkår.

- Søknaden om utsleppsløyve gjeld heilårsbustad med utleigehusvære. Anlegget må dimensjonerast for 2 bueiningar.
- Det må dokumenterast at slamtømming er mogleg innanfor dei ordinære vilkåra i den kommunale slamtømmeordninga
- Det må dokumenterast rett til å knytta seg til privat felles avlaupsleidning i sjø
- Det må gjerast greie for kor mange og kva eigedomar som er knytt til avlaupsleidningen i dag.
- Avlaupsløysinga vert å sjå på som førebels då det kan påreknast framtidig pålegg om oppgradering av avlaupsanlegga/ etablering av felles avlaupsanlegg i området.

### **Godkjenning etter andre lovverk**

Etablering av anlegget etter reglane i plan- og bygningslova vert handsama som del av byggjesaka.

Naudsynt løyve må liggja føre før arbeidet kan ta til.

### **VEDTAK**

**Med heimel i forureiningslova § 11, forureiningsforskrifta §§ 12-3 og 12-5 vert det gjeve utsleppsløyve for utslepp frå bustadhus med utleigehusvære, 2 bueiningar, i samsvar med søknad mottatt 16.02.2015 og på følgjande vilkår:**

1. Avlaupet skal reinsast i slamavskiljar av godkjend type før avlaupet vert ført i tett, nedgraven leidning og knytt til eksisterande avlaupsleidning på gbnr 214/77 som går til sjø.
2. Anlegget skal dimensjonerast for 2 bueiningar.
3. Slamavskiljaren skal plasserast slik at han kan tømmast innanfor vilkåra i den kommunale slamtømmeordninga. Det skal dokumenterast at slamtømming på ordinære vilkår er mogleg før det vert gitt igangsetjingsløyve for tiltaket.
4. Det skal betalast slamgebyr i samsvar med gjeldande gebyrregulativ.
5. Det skal dokumenterast rett til å knyta seg til eksisterande felles privat avlaupsleidning i sjø før det vert gitt igangsetjingsløyve.
6. Det skal dokumenterast kor mange og kva eigedomar som er knytt til fellesleidningen i sjø før det vert gitt igangsetjingsløyve.
7. Avlaupsløysinga vert å sjå på som førebels då det kan påreknast framtidig pålegg om oppgradering av avlaupsanlegga/ etablering av felles avlaupsanlegg i området.
8. Eigedomen skal knytast til offentleg godkjend avlaupsleidning eller anna fellesleidning dersom slike vert ført fram til området og kommunen set krav om det.

## **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

## **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høvet til å klaga på vedtaket vera nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

## **Ansvar**

Anleggseigar er ansvarleg for at alt arbeid følgjer føresegner gjeve i eller i medhald av forureiningslova og plan- og bygningslova. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner, gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter forureiningslova medfører ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve.

## **Bortfall av løyve**

Er arbeidet med etablering av avløpsanlegget ikkje sett i verk innan tre år etter at løyve er gitt, eller dersom arbeidet vert innstilt i lengre tid enn to år, fell retten til å etablere utsleppet vekk. Om utslepp framleis er aktuelt må ny søknad sendast inn, jf. forureiningsforskrifta § 12-5, fjerde ledd.

## **Ferdigstilling**

Når arbeidet med etablering av avløpsanlegget er ferdigstilt skal den ansvarlege for arbeidet skriftleg melda frå til kommunen at anlegget er etablert og arbeidet utført i samsvar med dette løyvet. Samstundes skal det senast inn stadfesting for montering frå det føretaket som har levert anlegget, og serviceavtale for drift og vedlikehald.

Plassering av anlegg, samt leidningsanlegg med kummar, knekkpunkt og utsleppspunkt skal innmålast og koordinatar skal sendast kommunen, seinast ved førespurnad om mellombels bruksløyve/ferdigattest.

Anlegget eller nokon del av det kan ikkje takast i bruk før det ligg føre mellombels bruksløyve eller ferdigattest etter plan- og bygningslova.

## **Tilsyn, endring og opphør av løyvet**

Kommunen er forureiningsstyresmak og fører tilsyn med at føresegner, lovverk og vedtak fatta i tråd med forureiningsforskrifta kapittel 12 vert følgd. Forureiningsstyresmakta har rett og plikt til å utføra tilsyn med avlaupsanlegga. Tilsynet vil kunna omfatta kontroll av anlegg si yting/funksjon og kontroll av kvalitet på utført sørvis og vedlikehald. Eigar av anlegget må dekkja kostnader knytt til tilsyn og kontroll, jf. forureiningslova kap.7.

Om utsleppet fører til uventa forureiningsproblem, kan forureiningsstyresmakta oppheva eller endra vilkåra i utsleppsløyvet, setja nye vilkår og om naudsynt kalla tilbake løyvet i samsvar med forureiningslova § 18, jf. forureiningsforskrifta § 12-14.

## GEBYR

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

Kode	Skildring	Tal	Sum
17.2.3	Utslepp < 50 pe	1	Kr 5 600,-
	Totalt gebyr å betala		Kr 5 600,-

### Klage over gebyr

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klaga over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klagen skal vera grunngjeven.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 15/550

Med helsing

Tor Hegle  
einingsleiar

Anne Lise Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### Kopi til:

En til en Arkitekter AS  
Øvre 85018  
Korskirkesmug 2b

### Mottakarar:

Niklas Krake  
Fyllingsnesvegen 5913  
348  
EIKANGERVÅG